

# Årsrapport for 2021



**Ungdomsrådet i Helse Møre og Romsdal**

## Innhold

1.0 Innledning .....	3
1.1 - Generell informasjon.....	3
1.2 - Retningslinjer.....	3
1.3 - Møteoversikt .....	4
2.0 Representantar i ungdomsrådet .....	5
2.1 våren 2021.....	5
2.2 Hausten 2021 .....	6
4.0 saker vi har jobba med i 2021 .....	6
4.1 - Hudsjukdomar .....	6
4.2 - Rettigheter .....	7
4.3 - Overgangar .....	7
4.4 - Møte med klinikkråd .....	8
4.5 - Koordinerande eining og individuell plan .....	8
4.6 - Film om ungdomsrådet .....	8
4.7 - EQS- prosedyre.....	9
4.8 - Trivselsjukepleiar Kristiansund.....	9
4.9 - Helt Sjef .....	9
4.10 - Barn og unges helsetjeneste i Møre og Romsdal.....	9
4.11 - Instagram.....	10
4.12 - Roll-up .....	10
5.0 - Fast deltagelse.....	10
5.1 - Barn som pårørende styringsgruppe.....	10
5.2 - Kvalitet i institusjonsbehandling i psykisk helsevern (Kvip) .....	11
5.3 - Sykehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) .....	11
5.4 - Helseplattformen .....	11
5.5 - HMR – nær .....	11
5.6 - Lokalt samarbeidsutval for barn og unge.....	12

## 1.0 Innledning

### 1.1 - Generell informasjon

Ungdomsrådet er eit samla ungdomsråd for Helse Møre og Romsdal. Dette er ei ungdomsutgåve av brukarutvalet. Medlemmane i ungdomsrådet skal ha erfaring frå sjukehus og helsetjenestane generelt. Medlemmane må vere villige til å dele erfaringar og må ha eit ynskje om å forbetre tjenestane. Ungdomsrådet skal ha eit tett samarbeid med leilinga i føretaket. Referat frå ungdomsrådet sine møte vil ligge fast som referatsak på styremøta i Helse Møre og Romsdal og møta i brukarutvalet. Leiari eller representant frå ungdomsrådet deltek på brukarutvalet sine møte der det er naturleg.

### 1.2 - Retningslinjer

Ungdomsrådets oppgåver byggjer på prinsippet om at det er pasienten sine behov som skal vere førande for struktur og innhald i tjenestane, og at brukermedvirkning skal brukast som ei kunnskapskjelde til forbetring av praksis. Ungdommen si brukarerfaringar og forslag til tiltak skal systematisk brukast for å forbetre føretaket sitt tilbod til ungdom.

Ungdomsrådet skal bidra til å sikre god brukarmedvirkning for ungdom ved helseføretaket, på ungdommen sine premissar. Vidare skal ungdomsrådet fremje synspunkt og sakar som kan bidra til å forbetre pasienttilbodet for unge brukarar, samt tilbod som blir gitt til ungdom når deira føresette er pasientar ved helseføretaket. Ungdomsrådet skal arbeide for å utvikle og oppretthalde gode helsetjenester til ungdom. Dei skal ha reell innflytelse på system- og tenestenivå i helseføretaket. Ungdomsrådet må bli høyrd og inkludert i alle prosessar som

omhandlar tilbod til unge brukarar ved helseføretaket. Arbeidet må tilretteleggjast for medlemmane. Det må vere ein tett dialog mellom ungdomsråd, brukarutval og ledelsen i helseføretaket for å sikre muligheten til å komme med innspel på saker som er av interesse for ungdomsrådet. Ungdomsrådet kan også på eige initiativ drøfte og gi råd i saker som angår tjenestetilbodet til ungdom. Ungdomsrådet må ha moglegheit til å setje ein sjølvstendig agenda og løfte fram saker som er viktige for unge brukarar ved helseføretaket.

Det er viktig at ungdomsrådet ivaretar eit heilheitleg brukarperspektiv i arbeidet sitt, og ikke representerer sær- og/eller personinteresser. Unge brukere må sjølve kunne få påverke kven som skal representere dei, eksempelvis ved å invitere brukerorganisasjonsar for ungdom til å nominere kandidatar, eller ved å arrangere ei ungdomssamling kor medlemma blir valde. I tillegg bør det leggast til rette for rekruttering direkte blant brukarar og pårørande. Ungdomsrådet skal bestå av 7 – 12 medlemmar i alderen 12-25 år, fordelt på forskjellege kommuner, pasientar/diagnosegrupper, pasienterfaring og kjønn. Medlemmene skal i størst mulig grad gjenspeile sammensetningen av brukarar, og dei må vere villige til å dele erfaringar. Styret oppnevner ungdomsråd. Medlemmene velges for 2 år, med moglegheit for gjenoppnevning. Det må leggast til rette for å supplere rådet ved evt fråfall underveis i rådsperioda. Rådet konstituerer seg sjølve og vel ledar og nestledar for 1 år om gangen.

### [1.3 - Møteoversikt](#)

Ungdomsrådet har samlingar 4 gongar i året. Helseføretaket oppnevner ein koordinator som bistår Ungdomsrådet i praktisk tilrettelegging. Leiar og nestleiar i ungdomsrådet planlegg møta saman med koordinatoren. Koordinatoren kallar inn til

møta. Det førast referat frå møta og koordinator sørgar for at desse distribuerast til styret, brukerutval og ledelse i føretaket. I forhold til kvar og kva tid, er det fleksibelt og skal tilpassast ungdommen.

I tillegg til 4 samlingar i året, har ungdomsrådet månadleg møte på teams for oppdatering av saker som jobbast med mellom samlingane.

#### *Møteoversikt for 2021:*

- 6.januar - månadleg skypemøte
- 3.februar - månadleig skypemøte
- 12. - 13.mars - samling over skype (grunna corona)
- 7.april - månadleg skypemøte
- 7. - 8.mai - samling over skype (grunna corona)
- 7.juni - månadleg skypemøte
- 10. - 11.september - samling i Ålesund
- 19. - 20.november - samling i Molde
- 6.desember - månedlig skypemøte

#### *2.0 Representantar i ungdomsrådet*

Ungdomsrådet i Helse Møre og Romsdal HF er sett saman av representantar frå ulike pasient- og brukarorganisasjonar og diagnosegruppar.

##### *2.1 våren 2021*

Victoria Ulstein Sporsheim (leiar)

Benjamin Vågen, FFO, Mental Helse (nestleiar)

Victoria Talstad, Norges handikapforbund ungdom

Andrine Mogstad, Diabetes ung

Julie Ramstad

Malin Strømsholm Riise, CP-foreningen

Lasse Aleksander Olsen Honningsvåg

Kristine Midtsæter, Psoriasis- og eksem forbundet

Gerda Marie Nødtvedt, Norsk cøliakiforening ungdom

2.2 Hausten 2021

Julie Ramstad (leiar)

Victoria Ulstein Sporsheim (nestleiar)

Victoria Talstad, Norges handikapforbund ungdom

Andrine Mogstad, Diabetes ung

Malin Strømsholm Riise, CP-foreningen

Kristine Midtsæter, Psoriasis- og eksem forbundet

Gerda Marie Nødtvedt, Norsk cøliakiforening ungdom

Benjamin Vågen, FFO, Mental Helse

Koordinator og med-koordinator 2021

Astrid Ljøkjell Solem, kommunikasjon- og samhandlingsavdelinga

Espen Ervik, kommunikasjon- og samhandlingsavdelinga

## 4.0 saker vi har jobba med i 2021

### 4.1 - Hudsjukdomar

I 2021 blei det oppretta ei samarbeidsgruppe med tre medlemmar frå ungdomsrådet, som skulle jobbe nærmare med hudsjukdomar. Ungdomsrådet ønsker fokus på dette, da det varierer veldig kva slags tilbod som fins rundt omkring på sjukehus og i kommunane. Ungdomsrådet har i 2021 hatt møter med sjukepleier på hudavdelinga i Kristiansund og Ålesund.

Status: Vi fortsetter å jobbe for ungdom med hudsjukdomar i 2022. Vi held dialogen med hudavdelingane, i tillegg kan det være aktuelt å samarbeide mer med Psoriasis- og eksem forbundet.

#### 4.2 - Rettigheter

Det skal lagast ein plakat med rettigheter som skal henges opp på ungdomsskular og vidaregåande skular i fylket. Dette for å synleggjere for ungdom med langvarige helseutfordringar korleis rettar dei har krav på.

Status: Utkastet av plakaten er laga til i samarbeid med sosionom Marianne Heen ved Ålesund sjukehus, og arbeidet med dette vil fortsette i 2022 fram til plakaten er ferdig og hengt opp på skular.

#### 4.3 - Overgangar

Ei hjertesak ungdomsrådet kjem til å jobbe med kontinuerleg. Dette året hadde vi møte med klinikksjefane for Ålesund og Volda kor vi snakka og delte erfaringar frå dette temaet. Ungdomsrådet har etterspurd moglegheit for ein ungdomskontakt/ungdomstelefon på vaksenavdeling i transisjonsfasen. Elisabeth Siebke har allereie gitt beskjed om å opprette ein slik funksjon i eigne avdelingar. Paula Hånes vil også vidareformidle. Ungdomsrådet ønsker også at dette gjerast i SNR. Ungdomsrådet har hatt møte med Stian Endresen om samhandling rundt ungdom med helseutfordringar.

Status: Klinikksjefane ønsker å ha et trepartsmøte på teams med Endresen og ungdomsrådet.

#### 4.4 - Møte med klinikkråd

Vi har hatt møte med dei ulike klinikkrådene der vi presenterte Ungdomsrådet generelt, og fortalte om kva dei kunne bruke oss til. Dei fekk moglegheit til å stille oss spørsmål med ting som omhandlar barn og unge, og å inkludere oss i ting dei held på med som dei tenke vi kan vere med på. Målet med disse møta var å informere om Ungdomsrådet og kva vi kan brukast til, slik at dei veit om oss og veit at dei kan bruke oss i saker som omhandlar barn og unge.

Status: Vi fortsett med møte der vi ikkje har vore i 2021, og fortsett å samarbeide med dei ulike klinikkkane.

#### 4.5 - Koordinerande eining og individuell plan

Samhandlingsrådgivar, Anne Hollingen, deltok i eit møte for å snakke om koordinerande eining og individuell plan. Nokon har gode erfaringar med individuell plan, medan andre opplev at den ikkje blir fulgt opp godt nok. Vidare er det kjent at det er mangel på koordinatorar.

Status: Ungdomsrådet har eit ønske om å følgje opp denne saken videre.

#### 4.6 - Film om ungdomsrådet

Vi har jobba med å lage ein film om ungdomsrådet som vi kan bruke når vi presenterar oss. I tillegg vil vi lage ein kortare film, som vi kan bruke til sosiale medier o.l. Desse filmane er ikkje ferdige, dei skal ferdigstilla i 2022.

Status: Jobbar med manus som skal vere klart til mai 2022. På samlinga i mai håpar vi å filme ferdig klipp til begge videoane.

#### 4.7 - EQS- prosedyre

Ungdområdet vil at det skal bli ei felles EQS-prosedyre for alle ungdommar med helseutfordringar som ikkje inngår i eksisterande prosedyrar. Prosedyren må gjelde for heile helseføretaket.

Status: Ungdomsrådet ønsker å vere eit rådande organ i dette arbeidet.

#### 4.8 - Trivselssjukepleiar Kristiansund

Ungdomsrådet har jobba i fleire år med å få til eit tilbud inspirert av Mads Bøhle som er trivselssjukepleiar på St. Olavs. Det går ut på å ha ei stilling som finner på og blir med barn og unge på ulike aktivitetar for å gjere sjukehuskvarldagen deira meir artig.

Planen er å prøve ut tilbodet i Kristiansund først.

Status: Søknaden er ferdig utfylt og skal sendast inn ved neste søknadsfrist.

#### 4.9 - Helt Sjef

Eit tilbod gitt på tvers av diagnosar kor ein lærar seg å meistre kvarldagen og å leve med sjukdomen.

Status: Koordinator har hatt kontakt med Marianne Heen som har formidla førespunad om dette arbeidet vidare. Ho har ikkje fått noko respons, Saka er meldt til inn som sak til Eli Bente Langva, avdelingssjef for barnemedisin og habilitering.

#### 4.10 - Barn og unges helsetjeneste i Møre og Romsdal

Det skal kome ei ny satsing rundt barn og unges helsetjeneste i Møre og Romsdal. Vi har fått presentert dette og kva som skal gjerast. Satsinga består av sju samhandlingsforløp for dei vanlegaste psykiske plagene hjå born og unge. Forløpa fungerer som eit kart over tenestene og skal gi brukarar og fagpersonar betre oversikt over ansvarsområder og roller. Dei sju samhandlingsforløpa er: Angstplager, autismespekterforstyrring, bekymring for

born 0 – 3 år, vanskar med merksemd og uro, spisevanskar og spiseforstyrringar, depresjonsplager og triste kjensler, vald, overgrep og omsorgssvikt.

Status: To representantar frå Ungdomsrådet skal vere med på lanseringsseminar i 2022 og halde eit innlegg om kva som er viktig for ungdommar, samt våre erfaringar frå helsetjenesten.

#### [4.11 - Instagram](#)

Vi har en instagramkonto som vi prøver å oppdatere så ofte som mulig. Der legger vi ut bilder fra samlinger, møter og andre ting. I tillegg til dette har vi lagt ut presentasjon av alle medlemmene i 2021.

Status: Vi fortsetter videre å oppdatere på instagram, og skal presentere de nye medlemmene.

#### [4.12 - Roll-up](#)

Roll-uper er plassert ut på sjukehusa og alle barne- og ungdomspsykiatriske avdelinger i HMR. Fleire har lagt merke til disse og dei er med på å gjere ungdomsrådet meir synleg for andre og eventuelle nysgjerrige personar som kunne tenke seg å vite meir/bli medlem av ungdomsrådet.

Status: utført.

### 5.0 - Fast deltagelse

#### [5.1 - Barn som pårørende styringsgruppe](#)

Ungdomsrådet har framleis to representantar som bidreg i styremøta i løpet av året.

Det er 4 møter i året kor ulike saker som omhandlar barn som pårørande blir diskuterte.

Status: Representantar frå rådet fortsett med årleg deltagelse i styringsgruppa.

## 5.2 - Kvalitet i institusjonsbehandling i psykisk helsevern (Kvip)

Representant frå ungdomsrådet deltok i eit digitalt møte grunna korona. Møtet går ut på å sikre god kvalitet i tilbodet gjennom å få innspel frå andre institusjonar i psykisk helsevern. Møtet var fylt av gode refleksjonar av kva andre synes fungerte positivt. I tillegg fekk representant frå ungdomsrådet stille spørsmål i intervju med ein ung pasient og måle kvaliteten gjennom kvalitatittivt intervju.

Status: Ungdomsrådet vil fortsette å delta i Kvip-møta framover.

## 5.3 - Sykehuset Nordmøre og Romsdal (SNR)

Dette er eit arbeid som Ungdomsrådet har vært inkludert i gjennom stort sett heile prosessen. Vi får oppdateringar frå arbeidet og moglegheit til å kome med innspel på kva som er viktig for ungdommar på dette nye sjukehuset.

Status: Får vidare oppdateringar og moglegheit til å kome med innspel på ulike delar av prosjektet.

## 5.4 - Helseplattformen

Det er med tre representantar frå Ungdomsrådet i brukerpanelet til den nye helseplattformen. Vi deltek jevnlig i møte og får oppdateringar på prosjektet. Vi får vere med å gi innspel og kome med kommentarar rundt arbeidet med helseplattformen og HelsaMi. Ein representant har også vore med i ei av fagekspertgruppene.

Status: Fortsett å vere med på møta med helseplattformen så lenge det er aktuelt og delta i møte om HelsaMi i 2022. I tillegg skal to medlemmar frå Ungdomsrådet vere med på testing av den nye appen som skal kome; HelsaMi.

## 5.5 - HMR – nær

Ein representant frå ungdomsrådet deltok i prosjektet HMR-nær fram til somaren 2021.

## 5.6 - Lokalt samarbeidsutval for barn og unge

Ein representant frå Ungdomsrådet har vore med i lokalt samarbeidsutval for barn og unge. Dette er møte som handlar om ulike problemstillingar som omhandlar barn og unge. Vår jobb her har vore å for det meste observere, samt være spesielt oppmerksam på det som er relevant for ungdom. Vi har også fått moglegheit til å kome med innspel og stille spørsmål undervegs.

Status: Ein representant frå Ungdomsrådet vil fortsette å vere med på dessa møta.